



LINDÅS KOMMUNE
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 18.07.2016
Vår ref.: 2016/5067-3
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.:

Fråsegn til kommunal planstrategi og planprogram for samfunnsdel, Lindås kommune

Vi viser til brev datert 20.05.2016 om høyring av kommunal planstrategi og planprogram for samfunnsdel, Lindås kommune. Hordaland fylkeskommune vurderer planstrategien og planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Lindås kommune har slått saman arbeidet med kommunal planstrategi og planprogram for samfunnsplan i eit dokument. Dokumentet er godt utarbeida og det er gode skilje mellom planstrategien og planprogrammet. Ifølgje prinsipp for universell utforming skal offentlige dokument kommunisere med alle. Dokumentet som ligg på høyring har eit lettfatteleg og godt språk.

Vurdering av kommunal planstrategi

Fylkeskommunen har i brev til kommunane 22.02.2016 gjeve generelle og temavise synspunkt på prioriteringar i arbeidet med kommunale planstrategiar knytt til vedtekne regionale planar og fylkeskommunen sitt forvaltingsansvar. Den kommunale planstrategien for Lindås kommune er godt utarbeida og føl opp synspunkta i brev frå fylkeskommunen av 22.02.2016. Planstrategien tar føre seg viktige drøftingar av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling. Det gjort gode drøftingar av gjeldande planer og vurdert at det naudsynt med rullering av samfunnsplanen.

Vurdering og innspel til planprogram for samfunnsdel

Samfunnsdelen er eit verktøy for kommunen si heilskaplege planlegging og skal vere grunnlaget for sektorane sine planar. Samfunnsdelen skal også gje grunnlag for overordna prioriteringar i arealdelen. Kommuneplanens samfunnsdel skal byggje på overordna planer og retningslinjer. I planprogrammet som ligg føre saknar vi referanse til regionale planar som har verknad for dette planarbeidet :

- Fylkesdelplan Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012
- Regional plan for vassregion Hordaland 2016- 2021
- Skolebruksplan for Hordaland fylkeskommune (planen ligg på høyring sommaren 2016)

Lindås kommune har valt følgjande fokusområde til drøfting i arbeidet med samfunnsplanen:

- Folketal, demografi og bustadutvikling
- Eit meir inkluderande samfunn
- Helsefremmande arbeid
- Klima, miljø og energi
- Samfunns og næringsutvikling
- Kommunen som organisasjon- tenester og sektorar

Fokusområda tar opp viktige tema som skal leggast til grunn for vidare utvikling i Lindås kommune.

Areal og transport

Vi er positive til at ein legg tydeleg vekt på viktigheita av arealforvaltinga, og korleis arealprioriteringar er avgjerande for både transport, klima og folkehelse.

Fylket står framfor ein betydeleg befolkningsauke fram mot 2040, med ein tilhøyrande kraftig trafikkvekst. Trafikkveksten bør takast kollektivt og gjennom sykkel og gange. Utbyggingsmønsteret er førande for transportbehovet. Langsiktig arbeid for å redusere transportbehovet internt i ulike sentrum og mellom sentera i fylket er naudsynt for å redusere trafikkveksten på regionalt nivå. Tilsvarande gjeld internt i kommunen. Det er difor viktig at kommunen legg areal- og transportsamordnande prinsipp til grunn i planlegginga. Både for å utvikle eit effektivt transportsystem, velfungerande senter og ein berekraftig arealforvaltning. Dette bør vere eit satsingsområde i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Senterutvikling

Regional plan for attraktive senter er sær relevant for samfunnsdelen til Lindås kommune. Hovudmålet i planen er at Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal leggje til rette for vekst i heile fylket, og er aktuell for det målretta arbeidet Lindås har i høve til eigen senterstruktur. Kvart plantema inneheld mål, planskildring, retningslinjer og handlingsprogram. Planen inneheld føresegnar som regulerer storleik og lokalisering av handelsverksemd.

Samferdsel

Fortetting og kollektivtrafikk

Fortetting er ein føresetnad for å utvikle eit godt og attraktivt kollektivtilbod i vekstområda. Eit godt kollektivtilbod er òg ein nøkkelfaktor for ei velfungerande utvikling. Arealbruk og utbyggingsmønster som byggjer opp under dei miljøvenlege trafikkformene er avgjerande for at kollektiv, gang og sykkel skal ta trafikkveksten. Det bør vektleggast konsentrasjon av bustader og arbeidsplassar i kollektivaksar, rundt sentera og kollektivknutepunkt. Tett utbyggingsmønster med gangavstand til haldeplassar er nødvendig.

Mjuka trafikantar

Ut frå både eit folkehelse- og trafikktryggleiksomsyn er det viktig at kommunen satsar på utbygging av gang- og sykkelveggar. Generelt bør det bli lagt opp til at i dei sentrale delane av kommunen skal alle korte reiser kunne bli utført med sykkel (3 km). Målpunkt for barn og unge skal kunne bli nådd med sykkel. Kommunen bør ha fokus på etablering av gang- og sykkelveg på stader der dette manglar. Eit sentralt mål for kommunen må vere at fleire vel sykkel, gange og kollektivt framkomstmiddel framfor personbil. Det er heilt sentralt at mjuke trafikantar blir prioritert høgt i planarbeidet framover.

Klima og energi

Vi vil særleg trekke fram Klimaplan for Hordaland, og pågåande Regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Føremålet med bergensområdeplanen, er å utvikle eit utbyggingsmønster som legg tilrette for vekst i bustader og næringsareal innanfor berekraftige rammer. Viktige premisser er kollektivtransport og effektiv vegtransport, og langsiktig grønstruktur, jordvern, og gode nærmiljøkvalitetar.

Næring

I kommuneplanen sin samfunnsdel er fylgjande spørsmål sentrale i vurderinga av korleis utviklinga skal vera for det lokale næringslivet:

- Kva skal vere den overordna strategien for nærings- og arbeidsliv?
- Korleis kan kommunen leggja til rette for utvikling av eksisterande næringsverksemdar?
- Korleis kan ein leggje til rette for framtidsretta nyskaping i primærnæringane?
- Bør ein leggje spesielt til rette for utvikling av reiselivsnæring, og i tilfelle korleis skal det gjerast?
- Korleis kan kommunen og næringslivet samarbeide for å få fleire nye verksemdar i Lindås?

I den samanheng ynskjer Hordland fylkeskommune å peika på «*Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017*» – som er utarbeidd av Hordaland fylkeskommune, interesseorganisasjonar i næringslivet, fleire forskings- og utdanningsinstitusjonar og regionale verkemiddelaktørar – prøver også å løysa denne

utfordringa gjennom målretta styring av offentlege verkemiddel og utviklingsarbeid. Noko av det som vert peika på som viktige føresetnader for lukkast på lengre sikt er å:

- leggja til rette for næringsaktørar som vil samarbeide med grunnskule og vidaregåande
- opplæring
- leggja til rette for kompetanseheving og samhandling mellom offentlig sektor og næringsliv
- stimulere til eit betre samspel mellom universitets- og forskingsmiljø og lokalt næringsliv
- utvikle kompetanse som bedriftene kan bruka til å utforma søknader om EU-midlar

Digital infrastruktur vert å åra framover ein viktig føresetnad for utviklinga både av det private- og offentlege tenestetilbodet, og som rammevilkår for det lokale næringslivet. Breiband og fiberutbygging er difor ein faktor som må takst med i planlegginga, på lik linje som anna infrastruktur.

Folkehelse og universell utforming

Vi er positiv til at samfunnsplanen har tema for eit meir inkluderande samfunn og helsefremmande arbeid. Vi minner om at sosial utjamning er eit viktig tema i kommuneplanens samfunnsdel. Gjennom planprogrammet vert det skildra gode planar for brei medverknad til samfunnsdelen. Dette er viktige premisser for retninga planen. Det er positivt at kommunen ynskjer å nytte nye metodar og ny teknologi for å nå ut til fleire i medverknadsarbeidet. Vi minner om at det i arbeidet med barn, unge, eldre og funksjonshemma er det viktig og nyttig å gje dei god tid.

Kulturminne og kulturmiljø

Om kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Det er viktig at kulturminne vert ein integrert del av dei overordna planane i kommunen. Kulturminne er både ein ressurs som må sikrast og eit satsingsområde. Kulturminne kan brukast konstruktivt også i arbeidet med å nå andre målsettingar slik som folkehelse, kulturarbeid og utvikling av lokal identitet.

Kommunal kulturminneforvaltning

Omsynet til kulturminne skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune har kjennskap til Lindås kommune sin kulturminneplan. Kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne. Kulturminneplanen bør difor reviderast i tråd med nasjonale mål, jf. dei *Nasjonale forventningane til kommunal og regional planlegging* frå 12.06.2015. Fylkeskommunen har ansvar for å sørge for dei nasjonale kulturminneinteressene og støtte kommunane med rettleiing.

I brevet frå Riksantikvaren datert 19.12.2014, vert fylkeskommunen og kommunen invitert til eit samarbeid for å styrke kommunal kulturminnekompetanse. God forvaltning av kulturminner krev kompetanse, innsikt i lokalhistoria og kunnskap om kulturminne. Lindås kommune manglar diverre gode oversikter over verneverdige kulturminne. I høve til dei nasjonale forventningane til kommunal og regional planlegging har Lindås kommune fått hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i kommunen. Fylkeskommunen har ansvar for å sørge for dei nasjonale kulturminneinteressene og støtte kommunane med rettleiing. Gjeldande kulturminneplan treng difor ein revisjon, då denne planen berre set fokus på kulturminne i kommunal eige. Kulturminneplanen bør mellom anna ha eit oppdatert register/liste over dei kulturminna kommunen vurderer å ha kulturhistorisk verdi og skal bevarast og forvaltast særskilt.

Kulturminneforvaltninga skal ha tilgang til desse data. Nærare informasjon om korleis data skal forvaltast, finn ein her: <http://www.riksantikvaren.no/Veiledning/Data-og-tjenester/Askeladden/Veiledninger>

Hordaland fylkeskommune arbeider elles aktivt for å auke kulturminnekompetansen i fylket gjennom prosjektet «Kulturminneplanar i kommunane, KIK», <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/kulturminneplanar-i-kommunane---kik/>

I handsaming av tilskotsmidlar til kulturminne legg Hordaland fylkeskommune og Kulturminnefondet vekt på om kulturminne er prioritert i kommunale kulturminneplanar. Kulturminneplaner er difor viktig for at eigarar av verneverdige kulturminne i kommunen skal bli prioritert i tildeling av tilskot.

Samfunnsdelen skal vere med på å definere og formidle kommunen sin identitet og kva retning kommunen ynskjer å gå. Kulturminna i Lindås kommune er ei rik kjelde til identitet og byrgskap, og vil difor vere ein viktig ressurs i dette arbeidet. Kulturminna er òg kjelde til næring og utvikling lokalt og regionalt. I regional kulturplan PREMISS: KULTUR vert den estetiske forminga og forvaltninga av bygningar, omgjevnader og landskap tematisert, likeeins samanhangen mellom kulturminne, landskap og ny arkitektur og tydinga for lokal, regional og nasjonal identitetsskaping.»

Lindås kommune skildrar til utviklingstrekk og hovudutfordringar for kommunen i kapitel 7. Kulturminne er tatt med under punkt «7.9. Kultur, idrett og fritid». Her har kommunen peikt på at kulturminne og kulturmiljø er å rekne som samfunnet sine felles verdiar og ressurs for nolevande og framtidige generasjonar i Lindås. Kommunen vil satse på lokale for å ta vare på kulturminne i kommunen og byggje opp identiteten til innbyggjarane, noko som er viktig for å ha levande bygder og god stadutvikling. Dette er viktig, men perspektivet kunne med fordel vore utvida. Kulturminna i Lindås bør òg sjåast som ein helsefremjande faktor, då dei er viktige for alle generasjonar si sjølvforståing, trivsel og verksemd. Folkebiblioteket er ein viktig møteplass for overføring av kunnskap om kulturminne. Gjeldande kulturminneplan bør reviderast og integrerast betre i den kommunale samfunnsplanlegginga.

Kunnskapsgrunnlag og vidare arbeid

Hordaland fylkeskommunen deltar gjerne i det vidare arbeidet med samfunnsplanen. I samband med pågåande og vedtekne regionale planar er det relevant kunnskapsgrunnlag for kommuneplanarbeidet.

Hordaland fylkeskommune ved - Analyse, utgreiing og dokumentasjon- (AUD) formidlar statistikk og kart med informasjon om Hordaland gjennom interaktive tenester, faste publikasjonar og frittstående rapportar og analysar.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune meiner kommunen har utarbeidd eit godt planprogram som grunnlag for vidare arbeid med samfunnsdelen.

Vi ønskjer kommunen lukke til i det vidare planarbeidet! Vi deltek gjerne i vidare samarbeid. Mellom anna kan regionalt planforum nyttast

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Liv Sundheim, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Monica Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Inger Lena Gåsemyr, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland